

# Nye metodar gir lauvet auka verdi

Hos Kåre Solhaug blir lauvet hausta med moderne metodar. Snidel og kjerv er bytta ut med motorsag, kompostkvern og låveturke. Resultatet er eit produkt som best kan samanliknast med eit columbi egg: framifrå fôr, utmerka strø og vakkert kulturlandskap.

**Anders Braanaas** | Økoringen Vest

Almane vert styva med motorsag, og alle greinar med diameter under 5 cm vert kjørt gjennom ein kompostkvern med lauvet på. Greinene vert gjerne forturka ein dag før kutting for å spare på turkekostnadane. Lauvflisa vert blåst rett i ein traktortilhengar og tippa på låvetørke. I låvetørka er det brukt korntørkeplater i botn for å hindre smårusk å tette kanalane.

Lauvflisa er lett å føre ut med til dømes trillebår. Sauene med si kløyvde leppe, er ekspertar i å sortere lauv, bork og cellulose. Lauv og bork går rett i sauemagen medan cellulosen vert liggande att på fôrbrettet.

## Strø til talle

Tidlegare var det vanleg å binde lauvet i kjerv. Kjerva vart servert sauer og kyr direkte, og ein sat igjen med ein heil del småkvist som vart brukt til brensel i eldhus o.l. Med dagens driftsopplegg, er masse småkvist på fôrbrettet gjerne uønska. Oppkutta cellulose av



Lauv og bork går rett i sauemagen medan cellulosen vert liggande att på fôrbrettet.



Greiner med lauv som er kutta og tørka, gir framifrå fôr, utmerka strø og vakkert kulturlandskap. Begge foto: Anders Braanaas.

lauvtrevirke er derimot enkelt å fjerne frå fôrbrettet, og det kan brukast direkte som strø i talle både til storfe og sau.

Dersom ein berre ønskjer å produsere strø til talle, er det ikkje fullt så nøye med kvaliteten på lauvflisa. Lauvflis som skal nyttast til strø kan jamvel forkomposterast, slik at gjødselverknaden ved store strømengder vert betre.

## Godt tilskotsfôr

Gjengroing av lauvkratt er problem dei fleste stader. Lauv av dei fleste treslag er godt tilskotsfôr. Alm, ask og rogn har beste fôrverdien. Selje, osp og bjørk var

og mykje brukt. Gråor er dårleg likt av dyra i rå tilstand, men når den er turka et dei den godt. Gråorflisa er også eit ypparleg strø i talle.

Lauv og bork inneheld mykje tanninar, og er brukt førebyggjande mot innvortes snyltarar langt tilbake i tid. Nyare forskning stadfestar tanninane si effekt mot rundorm.

Gamal kunnskap er ofte god lære, som denne regla frå Indre Sogn: «Raunen fø, almen gjø, ospi legg smør på brød, vier velte, selja svelte, aore drepe ned kvart haore. «

anders.braanaas@eninvest.net

